



DEN NORSKE KYRKJA

Fjærland sokneråd

Fjærland 20.01.21

Referat frå møte i Fjærland sokneråd

Møtedato: 19.01.21

Møtetid: 2000-2130

Møtestad: Digitalt via Teams

Tilstades:

Siv Jane Rauboti, Sverre Tufte Mundal, Hilde Supphellen, Grete Mundal, Kari Bøyum Skeide, Mikael Bruun, Berit Orheim

Ord for dagen v. Mikael som las frå Joh 9,1-7, 35-98

Innkalling og referat frå førre møte godkjend.

Referat:

Sak 01/21 Årsmøte 2021

Vedtak:

Årsmøtet sett til 28. mars. Rekneskap er ferdig, årsmelding under arbeid. Vi prøver å halde årsmøte med kyrkjekaffi, så sant smittetilhøva gjev rom for det.

Sak 02/21 Halvårsplanen

Vedtak:

Halvårsplanen er vedteke med namn og datoar slik det går fram av vedlegg til sak 02/21, Halvårsplan vår 2021. Kafédagar blir sett opp så snart det er høve til å samlast på vanleg vis, likeeins andaktar, og då samordna med soknerådsmøtene. Inntil vidare blir rådsmøta fastsett frå gong til gong. Det blir ikkje møte i barnemisjonen denne våren.

Sak 03/21 Rutinebeskrivelsar

Vedtak:

So langt er rutinar for medliturg, kyrkjevert, kyrkjekaffi-vert, medhjelpar andakt og andaktshaldar skrive inn i fellesmalen for rutinar. Vi treng eit fysisk møte for meir drøfting av ein del detaljar før godkjenning.

Rutine for haustfest, barnemisjon og brannvakt er under arbeid.

Sak 04/21 Ymse

Vedtak:

* Soknerådet gjev ei gåve til nye Stedjetunet på kr 2.500,-.

* Oppdatering smittetiltak: Berre gravferd/bisetjing i kyrkjene no.

* Endring i årshjulet med påminning om tenning/slokking av julelys utanfor kyrkja.

Sak 05/21 Orienteringssaker

Fellesrådet hadde eit fint møte med julemiddag saman med dei tilsette i desember. Det var også omvisning i dei nye lokala. Fellesrådet og Diakoniutvalet har møte no i januar, Trusopplæringsutvalet i februar.

Neste møte på Teams tysdag 09.03.21 kl 2000-2130

For Fjærland sokneråd
Berit Orheim, skrivar